

# 17. mai i Fusa

## PROGRAM



FUSA  
KOMMUNE



GRUNNLOVSJUBILEET 1814-2014


# Gode fusingar

1814 blir kalla "mirakelåret" i norsk historie. Noreg gjekk inn i 1814 som ein del av Danmark-Noreg, styrt frå København med ein eineveldig konge, og enda som eigen stat i union med Sverige. I løpet av året erklærte vi oss uavhengige, heldt dei første politiske vala i Noreg og laga eiga grunnlov. Det var starten på ein enorm omveltingsperiode i det nye Noreg.

I løpet av vinteren 1814 vart det frå Ous prestegjeld, som Fusa var ein del av, vald sendemenn til valmøte i Bergen. Her vart "våre" representantar til riksforsamlinga på Eidsvoll valde. I desse møta ser vi spiren til demokrati og moderne folkestyre. 17. mai 1814 vart den første grunnlova vedteken på Eidsvoll og denne datoen har for ettertida blitt ståande som vår nasjonaldag. Heile Noreg markerer jubileet i 2014 og 17. mai er sjølve hovudfeiringa.

I år er det også 50 år sidan kommunane Strandvik, Hålandsdal og Fusa gjekk saman att i "nye" Fusa kommune. I Fusa har vi dermed to gode grunnar til å jubilerer med ei felles feiring av nasjonaldagen.

Til lukke med feiringa av 17. mai 2014!



Hans S. Vindenes  
ORDFØRAR FUSA KOMMUNE



Foto: Fredrik Thorsen

## Vi ere en nasjon

Vi ere en nasjon vi med,  
vi små en alen lange,  
et fedreland vi frydes ved,  
og vi, vi ere mange.  
Vårt hjerte vet, vårt øye ser  
hvor godt og vakkert Norge er,  
vår tunge kan en sang blant fler  
av Norges æres-sange.

Mer grønt er gresset ingensteds,  
mer fullt av blomster vevet  
enn i det land hvor jeg tilfreds  
med far og mor har levet.  
Jeg vil det elske til min død,  
ei bytte det hvor jeg er fødd,  
om man et paradys meg bød  
av palmer oversvevet.

Tekst: Henrik Wergeland (1808-1845)  
Musikk: Andre Gretry (1741-1813)

## FELLES PROGRAM I EIKELANDSOSEN

10.00

Friluftsgudsteneste på Leiro i Eikelandsosen. Hålandsdal musikklag spelar.

10.40

Prosesjonen stiller opp på Leiro med flaggborg frå bygdene, 4 musikklag, skular og barnehagar.

11.00

Vi syng nasjonalsongen "Ja vi elsker" før avgang via Fusa bu- og behandlingssenter til Fusa ungdomsskule.

12.00

Kulturprogram på skuleplassen ved Fusa ungdomsskule. Helsing ved ordførar Hans S. Vindenes, "Mi grunnlov" - innspel frå elevar ved Fusa ungdomsskule, kultur- og musikkinnslag og allsong.

13.00

Slutt.

## Ja vi elsker

Ja, vi elsker dette landet,  
som det stiger frem,  
furet, værbit over vannet,  
med de tusen hjem.  
Elsker, elsker det og tenker  
På vår far og mor  
Og den saganatt som senker  
drømmer på vår jord.

Norske mann i hus og hytte,  
takk din store Gud!  
Landet ville han beskytte,  
skjønt det mørkt så ut.  
Alt hva fedrene har kjempet,  
mødrene har grett,  
har den Herre stille lempet  
så vi vant vår rett.

Ja, vi elsker dette landet,  
som det stiger frem,  
furet, værbit over vannet,  
med de tusen hjem.  
Og som fedres kamp har hevet  
det av nød og seir,  
også vi, når det blir krevet,  
for dets fred slår leir.

Tekst: Bjørnstjerne Bjørnsson (1832-1910)  
Musikk: Rikard Nordraak (1842-1866)

## Det går et festtog gjennom landet

Det går et festtog gjennom landet!  
I by og dal, ved fjell og fjord.  
Vi flagger stolt for Norge  
med hurrarop i fra syd til nord.

**Refreng:** Hurra! Vi marsjerer og  
vi synger sanger i rødt, hvitt og blått.  
Kjenn frihetens rytme i kroppen.  
Fylt av glede for landet vårt.

Den store dagen vil vi feire.  
Nå lyder takkens melodi  
som stiger taktfast opp fra folket.  
Fra oss som ønsker et demokrati.

### Refreng

Søttende mai. Nå jubler våren!  
Nasjonene pynter seg til fest.  
Gå sammen, elske fram verdier  
så alle trives. Da har vi det best.

### Refreng

Det går et festtog gjennom tiden  
der slekter har satt dype spor.  
Med sine valg gav de oss framtid.  
Se, våre røtter de spirer og gro.

### Refreng

Tekst: Grethe Myhre Skottene  
Musikk: Carl-Andreas Næss

## Gud signe vårt dyre fedreland

Gud signe vårt dyre fedreland  
og lat det som hagen bløma!  
Lat lysa din fred frå fjell til strand  
og vetter for vårsol røma!  
Lat folket som brøder saman bu,  
som kristne det kan seg søma!

Vårt heimland i mørker lenge låg,  
og vankunna ljuset gøynde.  
Men, Gud, du i nåde til oss såg,  
din kjærleik oss ikkje gløynde;  
du sende ditt ord til Noregs fjell,  
og ljøs over landet strøynde.

Vil Gud ikkje vera bygningsmann,  
me fåfengt på huset byggja.  
Vil Gud ikkje verja by og land,  
kan vaktmann oss ikkje tryggja.  
Så vakta oss, Gud, så me kan bu  
i heimen med fred og tryggja!

No er det i Noreg atter dag  
med vårsol og song i skogen.  
Om sædet enn groer på ymist lag,  
det brydder då etter plogen.  
Så signe då Gud det gode såd,  
til groen ein gong er mogen!

Tekst: Elias Blix (1836 - 1902)  
Musikk: Christoph Ernst Friedrich Weyse (1774 - 1842)

## Norge i rødt, hvitt og blått

Hvorhen du går i li og fjell,  
en vinterdag, en sommerkveld,  
ved fjord og fossevell,  
fra eng og mo med furutrær,  
fra havets bryn med fiskevær  
og til de hvite skjær,  
møter du landet i trefarvet drakt,  
svøpt i et gjenskin av flaggets  
farveprakt.  
Se, en hvitstammet bjerk oppi heien,  
rammer stripen av blåklokker inn  
mot den rødmalte stuen ved veien,  
det er flagget som vaier i vind.  
Ja, så hvit som det hvite er sneen,  
og det røde har kveldssolen fått,  
og det blå gav sin farve til breen,  
det er Norge i rødt, hvitt og blått.

En vårdag i en solskinnstund,  
på benken i Studentertunden  
der sitter han og hun,  
to unge nyutsprungne russ,  
to ganske nylig tente bluss,  
i tyve grader pluss.  
Hun er som en gryende  
forsommerdag,  
som farves av gjenskinnet  
fra det norske flagg.

Ja, så hvit som det hvite er kjolen,  
og så rød som det røde hennes kinn,  
hennes øyne er blå som fiolen,  
hun er flagget som vaier i vind.  
Han har freidig og hvitlugget panne,  
og en lue i rødt har han fått.  
Med en lyseblå tiltro til landet  
står vår ungdom i rødt, hvitt  
og blått.

De kjempet både hun og han!  
Nå lyser seirens baunebrann  
utover Norges land.  
Mot himlen stiger flagg ved flagg  
som tusen gledesbål i dag  
for alle vunne slag.  
Det knitrer som før  
over hytte og slott,  
et flammende merke i  
rødt og hvitt og blått.  
Som et regnbuens tegn under skyen,  
skal det evig i fremtiden stå.  
Se, det glitrer igjen over byen,  
i det røde og hvite og blå.  
La det runge fra gaten og torget,  
over landet som nordmenn har fått:  
Du er vårt, du er vårt, gamle Norge!  
Vi vil kle deg i rødt, hvitt og blått!

Tekst: Finn Bø (1893-1962) mfl  
Melodi: Lars-Erik Larsson (1908-1986)



## PROGRAM I BYGDENE

### **Baldersheim, start kl 14.00:**

Prosesjon frå Sørtveit til Baldersheim helsetun. Helsingstale og kulturinnslag. Prosesjonen går vidare til Bruvang. Leikar og aktivitetar, sal av dravle, betasuppe, kaffi/kaker, is og brus.

### **Bogøy, start kl 17.00**

Matøkt i Bogøytunet. Sal av betasuppe, pølser, is, kaffi og kaker. Konkurransar. Kl. 17.00-19.00.

### **Eikelandssosen, start kl 13.30**

Samling i Eikelandsfjorden samfunnshus. Eikelandssosen skulemusikklag spelar. Sal av betasuppe, dravle, pølser, brus, is, kaker og kaffi. Leikar. Fest i Eikelandssosen bedehus kl 19.00.

### **Holdhus, start kl 14.00**

Matøkt på Holdhus oppvekstsenter. Rømmegrout og spekemat, pølse i brød. Tale for dagen v/ Inge Herman Rydland kl 15.00. Musikk ved Hålandsdal musikklag. Innslag v/ elevar. Kl 15.30 - Leikar for store og små. Kaffi og kaker. Is og brus. 17.00 - Takk for i dag!!

### **Fusa, start kl 13.30**

Matøkt i Fusa samfunnshus. Sal av betasuppe, pølser, brus, is, kaker og kaffi. Leikar for borna.

Premieutdeling og avslutning av dagen i gymsalen, kl 16.00-16.30.

### **Nore Fusa skule, start kl 14.00**

Velkomen - kl 14.00.  
Leikar for born og vaksne  
kl 14.15-16.30.

### **Holmefjord, start kl 17.00**

Familiesamling i Bygdaheimen. Musikalsk innslag. Tale for dagen v/historikar Herdis Kolle. Matøkt med rauddravle og betasuppe. Lett underhaldning. Dans kl 21.00-01.00. Musikk: String Fellows. Aldersgr. 15 år.

### **Nordtveit, start kl 13.30**

Tog frå skuleplassen kl 13.30. Tale ved Ernst Nordtveit kl 14.30. Betasuppe kl 15.00. Leikar og aktivitetar for store og små. Kaffi og kaker.

### **Strandvik, start kl 12.30**

Salutt - kl 07.00.  
Sal av middag kl 12.30 – 14.30.  
Leikar for born og vaksne kl 13.00 – 15.00. Folketog frå skuleplassen kl 15.00. Kransenedlegging ved bautaen.  
Kl 16.00 - Folkefest i Grendahuset. Underhaldning av skuleborna. Inngangsbillett: kr 25/75.

### **Sævareid, start kl 13:30**

Bilrebus, start frå skuleplassen, startavgift kr 30, kl 13.30. Folketog frå skuleplassen til Breidablikk kl 15.00. Folkefest på Breidablikk kl 15.30. Tale for dagen ved Morten Holmefjord. Leikar og konkurransar for store og små. Sal av dravle, betasuppe, kaffi, kaker, pølse, brus og is. Resultat og premieutdeling kl 18.30. Kl 19.00 - Spelstykket "Mammaguten og Farsbarnet!". Inngang kr 100/50 for ungdom/barn gratis. Dans. Håvard Skåtun m/band. Inngang kr 150.

### **Øvre Hålandsdal, start kl 14.00**

Kl 14.00 - Middag i Grendahuset. Underhaldning - aktivitetar for born og vaksne. Sal av is, brus, kaffi og kaker, premieutdeling.

### **Vinnes, start kl 13:30**

Matøkt på Vinnes friskule kl 13.30. Sal av mat, is og brus. Leikar for store og små på skuleplassen kl 14.00. Premieutdeling. Kl 20.00 - Korgafest med nasjonalt program i Kulturbedehuset Fredheim. Allsong, musikk, opplesing og matøkt.

# JUBILEUMS-PROGRAM 2014

## 23. februar

Offisiell start på jubileumsåret med festgudsteneste i Fusa kyrkje.

## 17. mai

Felles feiring i Eikelandssosen og i bygdene av nasjonaldag og jubileumsåret 1814-2014.

## 24. mai

Prosesjon på Fjord'n senter kl 12.00. Presentasjon av lokale folkedraktar frå 1814 og frametter. Dåpsfølge, konfirmasjon, helg og fest.

## 22. juni

Konsert under Vinnesfestivalen med Berit Opheim Versto og Sigbjørn Apeland. Den dansk-norske salmeskatten. Stad: Kulturbedehuset Fredheim.

## 10. august

Fredheimsseminar med Andreas Skartveit. Stad: Kulturbedehuset Fredheim på Vinnes. Tema: Bedehuset som arena og skule i norsk politisk søge. Arr: Venelaget for Fredheim.



Foto: Eva Brænden

## 17. august

Tur med Fusa turlag til ”treriksrøysa”, grensepunktet mellom dei gamle kommunane Fusa, Hålandsdal og Strandvik.

## 24. august

Kystsogedag og torgdag på Engevikhavn, handels- og gjestgjevarstad etter 1814.

## 14. september

”Den store reisa – 200 år med samfunnsutvikling”. Jubileumstur med M/S Midthordland gjennom Fusa-bygdene med lokale omvisarar.

## 25. september

Edvard Hoem kåserer om Bjørnstjerne Bjørnson i Torsdagsakademiet, Fusa folkebibliotek.

